

ÅRSMELDING 2019

FOLGEFONNA NASJONALPARKSTYRE



Breidablikkbreen september 2019.

Innhold

1. Generelt.....	3
2. Styret	3
3. Saker	4
4. Tiltak og drift	5
5. Nasjonalparkforvalter	6

1. Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilgrensande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar frå 2020 dei tre kommunane Etne, Kvinnherad og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km², og av dette utgjer nasjonalparken 545 km²

2. Styret

Det vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 15. mars 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Verneområdestyret for perioden 2016-2019 var samansett slik:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerer
leiar	Jon Larsgard	Reidun Haugen Dalseth	<i>Jondal kommune</i>
nestleiar	Siri Klokkestuen	Ingemund Berge	<i>Etne kommune</i>
styremedlem	Leif Sverre Enes	Olav Gunnar Hjelmeland	<i>Kvinnherad kommune</i>
styremedlem	Solfrid Borge	Kåre Olav J. Grønsnes	<i>Ullensvang herad</i>
styremedlem	Roald Aga Haug	Linda Haugland Jondahl	<i>Odda kommune</i>
styremedlem	Benthe Bondhus	Olav Magnus Hammer	<i>Hordaland fylkeskommune</i>

Styret har hatt 3 møter i 2019 i tillegg til 1 eposthandsaming. Oversikt over møter er vist under.

Møte nr	Stad	Dato
ST 1/19	Jondal rådhus	01.03.2019
ST 2/19	Epost	28.03.2019
ST 3/19	Folgefonnsenteret Rosendal	12.09.2019
ST 4/19	Odda rådhus	11.12.2019

3. Saker

Desse sakene vart handsama av styret i 2018.

Type	Saker	Dispensasjon	Motorferdsel og drone	Adm	Økonomi	Planar
Styresak	19	3	3	7	4	1
Delegert vedtak	18	2	18			
Referatsaker	4					

Besøksstrategi:

Eit utkast av besøksstrategien vart ferdig i 2019 og sendt til Miljødirektoratet til fagleg godkjenning. Miljødirektoratet kom med ein positiv tilbakemelding om at denne no var klar for å sendast på offentleg ettersyn. Styret vedtok i møte 4/19 at forvalter fekk fullmakt til å sende ut strategien på høyring når den vart oppdatert i høve til innspela frå miljødirektoratet.

Kartlegging av gran og framande bartretypar i verneområda:

Det vart lyst ut oppdrag på kartlegging av gran i verneområdet. Norskog utførte kartlegging i 4. kvartal. Denne skal danne grunnlag for vurdering i åra framover for uttak av framande artar i verneområdet, hovudsakleg norsk gran. Dette er eit prosjekt som vil verta videreført i åra framover.

Pilotprosjekt privat og offentleg samarbeid om drift av infrastruktur på innfallsport Bondhusdalen

Forvalter starta opp arbeidet med å sjå på moglege samarbeidsformer for drift av infrastrukturen mot slutten av 2019. Det er gjennomført innleiande møte med Kvinnherad kommune, der føremålet var å få oversikt over planlagde tiltak og planar for området, i tillegg til å få signal om kva kommunen ynkjer for innfallsporten. Det var gjennomført møte med grunneigarane på Bondhus i byrjinga av desember. Føremålet var å få ei felles forståing av utfordringane og få tilbakemeldingar om kva ynskjer grunneigarane hadde. Møtet var konstruktivt og det kom mange gode innspel frå grunneigarane. Prosjektet er videreført i 2020, forutsatt at det vert løyvd driftsmidler til dette.

4. Tiltak og drift

I 2019 fekk Folgefonna nasjonalparkstyre tildelt totalt 500 000 kr over bestillingsdialogen. I tillegg vart styret tildelt 275 000 kroner over driftsbudsjettet til arbeidet med besøksstrategi og 250 000 kr til arbeid med prosjekt for å sjå på ulike driftsformer for offentlig og privat samarbeid for drift av infrastruktur rundt innfallsporten Bondhusdalen.

Verneområde	Skildring	Søkt om	Tildelt	Brukt
TILTAKSMIDLAR				
TILTAK DET VAR SØKT MIDLER OM I 2019				
Folgefonna nasjonalpark med landskapsvernområder	Kartlegge og utrede kostnader ved fjerning av gran og andre framande bartre i verneområda.	300 000		160 500
Bondhusdalen landskapsvernområde	Sjå på fordeling av ansvar og oppgåver i høve til drift av innfallsport Bondhusdalen.	250 000		0
Folgefonna nasjonalpark – Skrelet	Forsterking av bru – Buførevegen - Skrelet	20 000		20 000
	Informasjonsfilm om Folgefonna NP	150 000		0
TILTAK DET IKKJE VAR SØKT MIDLER OM I 2019				
Folgefonna nasjonalpark – Ridestien Tokheimslia	Tilskot til vøling av ridestien			150 000
Innfallsport Bondhusdalen	Informasjonsmateriell og skilt			65 000
Naturrettleiar Folgefonnsenteret	Undervisningsopplegg- og materiell – skular og barnehagar			100 000
Sum		720 000	500 000	495 500
DRIFTSMIDLAR				
Utgifter til forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplaner				
	Kart	0		26 000
	Etterundersøking	200 000		150 000
	Kartlegge og utrede kostnader ved fjerning av gran og andre framande bartre i verneområda.	0		160 500

Årsmelding 2019 – Folgefonna nasjonalparkstyre

	Pilotprosjekt for å utgreie modell for offentlig-privat samarbeid for drift og tilrettelegging på innfallsporten i Bondhusdalen	200 000		635
SUM			475 000	337 135
Drift av nasjonalparkstyret	Utgifter møtergodtgjersle, reise og møter Folgefonna nasjonalparkstyre	147 445		64 569
Rådgjevande utval				
	Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000		0
	Møtekostnader rådgjevande utval	5 000		0
SUM			160 000	64 569

5. Nasjonalparkforvalter

Den fast tilsette nasjonalparkforvaltaren gjekk ut i permisjon i juni 2019. Vikar tilrådde i stillinga 8.juli 2019 og skal vera vikar fram til 15. august 2020. Ettersom det kom inn ein vikar har enkelte prosjekt tatt lengre tid å få starta opp fordi det har tatt noko tid å bli kjend med arbeidsoppgåver og rutiner. Hovudfokuset for vikar har i siste halvdel av 2019 vore å førebu og gjennomføre styremøter og å handsame søknader om løyve i høve til verneforskriftene

Kurs, seminar og konferansar som forvaltaren har delteke på i 2019:

- 01-03. april Samling verneområdeforvalterane Vestland fylke i Rosendal
- 28-29. august Samling verneområdeforvalterane Vestland fylke Leikanger
- 2-3. oktober Regional samling Miljødirektoratet Bergen
- 09-10. desember Avdelingssamling Fylkesmannen Vestland Voss

Synfaringar


- Vatnastøl - Enesdalen
 - Synfaring av bru og hytte
- Fonnabu
 - Synfaring byggjearbeid utviding turisthytte
- Brufoss - Bondhusdalen
 - Synfaring avslutta vedlikehald av inntak kraftverk - Statkraft
- Bondhusdalen

- Synfaring av p-plass og tilkomstveg i samband med styremøte i Odda 9. desember

Bilete frå ulike synfaringer er vist under:



Bilete 1 syner bru heimom Vatnastølsvatnet – Ænesdalen.



Bilete 2 syner bru Vatnastølsvatnet – Ænesdalen



Bilete 3 syner tilbygg på eksisterande hytte på Fonnabu



Bilete 4 syner tilbygg på eksisterande hytte på Fonnabu



Bilete 5 syner nye steintrapper heimom Breidablikk